



HJELMELAND  
KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
039/24	Arbeidsmiljøutvalet	PS	13.11.2024
020/24	Administrasjonsutvalet	PS	19.11.2024
109/24	Formannskapet	PS	19.11.2024
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eli Aspen	K1-150	24/737

### Budsjett og handlingsplan 2025-2028

#### Vedlegg:

Kommunedirektørens utkast til Budsjett og handlingsplan, 2025-2028  
tilrådd fritaksliste § 7 c delvis for 2025 - nybygde boliger  
tilrådd fritaksliste §7 a og b for 2025  
Budsjett for kontrollutvalet 2025  
Kontrollutvalget Budsjettforslag 2025  
Rits Budsjett 2025-2028  
2025 søknad om kommunalt tilskot (opprinnelig)  
Budsjett drift 2025 kyrkja  
Investeringsbudsjett 2025  
Innspel budsjett 2025 Seniorrådet  
Innspel budsjett 2025 Råd for menneske med funksjonshindring

#### Forslag til vedtak

Vedlagt budsjettframlegg frå kommunedirektøren blir vedteke.

Hjelmeland, den 11.11.2024

Janne Johnsen  
Kommunedirektør

Arbeidsmiljøutvalet 039/24

#### AMU - behandling:

#### Behandling:

3.2.3 Organisasjon, Heiltid deltid setning: "ein sektor med heiltidskultur vil styrka kvinners tilknytting til arbeidslivet, og blir i tillegg meir attraktivt for menn"... Denne setninga må endres til neste gang.

Andel heiltid i barnehage, side 21: er dette litt misvisande? har vi gått ned i antal tilsette? Dette er i forbindelse med permisjonar for faste tilsette. Burde vere litt meir beskriving for kva grafen betyr. Dette bør takast med til neste gong.

Side 23. overordna beredskapsplan på høyring. Er denne send på høyring til tillitsvalde? Denne er send på høyring til beredskapsrådet i kommunen. Thomas sjekkar om dette er sendt på høyring til tillitsvalde òg. Viss ikkje blir det sendt ut ein kort høyringsrunde på dette.

Samle Toddlartoppen og Nøtteskogen til eitt bygg? Dette blir ei sak for neste år.

Finnes det eit utval som skal sjå på moglegheita om eitt omsorgssenter i kommunen? Ja, det er eit utval som skal sjå på dette.

**Røysting:**

Samrøystes vedteke.

**AMU - vedtak:**

Vedlagt budsjettframlegg frå kommunedirektøren blir vedteke.

Administrasjonsutvalet 020/24

**ADU - behandling:**

**Behandling:**

Neste år og vidare framover skal tekstane i budsjettdokumentet bli kvalitetssikra av dei tillitsvalde i forkant av behandling i politiske utval.

**Røysting:**

Samrøystes vedteke

**ADU - vedtak:**

Vedlagt budsjettframlegg frå kommunedirektøren blir vedteke.

Formannskapet 109/24

**FSK - behandling:**

**Behandling:**

Budsjett, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

**Budsjettforslag Sp, Ap og SV**

**Verbalpunkt oppvekst**

Administrasjonen set i verk prosessar med å gjennomgå oppvekststrukturen i Hjelmeland kommune, og utredar fylgjande:

- - Kva struktur skal vi ha innan oppvekst i framtida
- - For kvart alternativ skal eventuell etterbruk av bygga vurderast

Fordelar og ulemper knytt opp mot fylgjande punkt skal vurderast:

- - Lokalsamfunnsutvikling/buatraktivitet
- - Det sosiale miljøet på skulane
- - Rekruttering
- - Fagleg kvalitet

- - Økonomi (innsparingar og investeringsbehov)
- - Reiseveg buss og behov for ekstra transport avhengig av plassering SFO
- - Organisering av SFO

### **Verbalpunkt omsorg**

Administrasjonen set i verk prosessar med å vurdere samanslåing til ein heildøgns institusjon i kommunen, og utredar fylgjande:

- - Skal kommunen i framtida ha ein eller to heildøgns institusjonar
- - Kva omsorgstenester skal høyre inn under eit nytt omsorgssenter (ulike pasient- og aldersgrupper)
- - Etterbruk av bygga
- - Fagleg kvalitet
- - Fordelar og ulemper knytt opp mot fylgjande punkt skal vurderast:
  - - Rekruttering helsepersonell
  - - Avstand til øvrig tenestetilbod
  - - Økonomi (innsparingar og investeringsbehov)
  - - Uteareal

### **Verbalpunkt lønsnivå**

Det er viktig at Hjelmeland kommune kan vise til lønsvilkår som ikkje negativt skiljer seg ut i høve til nabokommunar. Løn til pedagogiske leiarar i Hjelmelandsbarnehagen må difor setjast til eit nivå som er konkurransedyktig med kommunar i same bu- og arbeidsmarknad.

### **Verbalpunkt gravplassar**

Me ber om ei sak frå kommunedirektøren om å leggja til rette for minnelund på Hjelmeland gravplass, samt verkemiddel for å auka andelen urnegravferder i kommunen.

### **Verbalpunkt kommunale bustadar**

Hjelmeland kommune har forholdsvis mange kommunale bustadar. Kva som er rett antal og plassering bør vere ei av vurderingane i Bustadpolitisk plan, og danne grunnlag for ein handlingsplan for avhending av bustadar, og eventuelle føringar for vidare bruk av desse.

### **Verbalpunkt inn på tunet**

Hjelmeland har nyleg inngått avtale om oppstart av inn på tunet på eit gardsbruk. Denne ordninga er statleg finansiert til og med første halvår 2025. Kommunestyret ynskjer å gjere ordninga permanent og ber om ei sak før 1. tertial med kostnadsoverslag ut året.

### **Drift**

- Ikkje opprette ny fast stilling Samfunn og næring (prosjektstilling Bustadutvikling)
- To hovudopptak barnehage
- Avvikle kontorfellesskap
- Sommarstengte barnehagar inntil tre veker, med ein open barnehage dersom behov
- Starte prosess med å vurdere å gå frå ipad til chromebook i Hjelmelandsskulen.
- Auke tilskotsordning til leikeplassar frå 100' til 200' (finansierast via reduksjon av frivilligmillionen)

**I**

### **Investering**

- Rehabilitering kommunestyresal 500.000
- Leikeapparat skule 1.000.000 (ned til 500')

- Nye golv kommunebygg 540.000 (tatt ut ÅOS/HOS)
- Ladestasjonar HOS 1.300.000 (utsette mtp struktur)
- Områdeplan Hj. Sentrum, realisering 0 (utsett til -26 og -27)
- Områdeplan Hj. Sentrum, planlegging 0 (utsett til -26)
- Hvilerom for ansatte Bøen, ÅOS 0 (utsette mtp struktur)
- Auke låneramme Startlån -5.000.000
- Innkjøp maskiner Teknisk utsatt i påvente av gjennomgang avdelingen.

#### Detaljar:

Drift	2025	2026	2027	2028	Kommentar
Ikkje opprette ny fast stilling Samfunn og Næring	-500	-1000	-1000	-1000	Halvårseffekt 2025
Avslutte kontorfellesskap	-150	-150	-150	-150	
Kutte rullerende opptak og 3 veker sumarstengt barnehage	-100	-100	-100	-100	
Redusert renter/avdrag	-654	-1138	-191	-185	Frå excel-ark
<b>Mindreforbruk</b>	<b>-1404</b>	<b>-2388</b>	<b>-1441</b>	<b>-1435</b>	
Investing (endring låneopptak)	2025	2026	2027	2028	Kommentar
Rehab kommunestyresal	-500	0	0	0	Finne andre løysingar
Leikeapparat skule	-1000	0	0	0	Går tilbake til 500' som har vore normalen
Nye golv kommunebygg	-960	0	0	0	Tek ut HOS og ÅOS som utgjør 960'
Ladestasjon HOS	-1300	0	0	0	Avvente
Områdeplan hj. Sentrum, realisering	-8000	4000	4000	0	Utsette
Områdeplan hj. Sentrum, prosjektering	-500	500	0	0	Utsette
Multimaskin	-2500	0	0	0	Utsette i påvente av plan
Ny lift	0	-1500	0	0	Utsette i påvente av plan
Asfalt Bjødnabu	0	-7000	0	0	Utsette i påvente av plan
Ny gravemaskin	0	-2500	0	0	Utsette i påvente av plan
Hvilerom Bøen, ÅOS	-250	0	0	0	Utsette
Auka låneopptak startlån	5000	0	0	0	
Redusert låneopptak:	-10010	-6500	4000	0	
Forklaring:					
Summane som er lagt i investering er dei som skal ut (-) og dei som skal inn (+).					

Erstatning verbalpunkt Årdal sentrum, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet Årdal og Fister sentrum

Hjelmeland kommune inviterer til eit studentarbeid for Årdal og Fister sentrum. Arbeidet skal gi innspel, idear og forslag til korleis uteområda i Årdal og Fister sentrum kan bli meir attraktivt og intimt for mjuke brukarar, innbyggjarar og tilreisande. Det skal leggast vekt på uformelle møteplassar, grøntområde, sitte/opphalds- og aktivitetsområde, og at uteområda kan nytte lokale klimafortrinn og dempe lokale klimaulempar. Det skal leggast til rette for heilårsbruk.

Studentarbeidet kan gi idear om kva tiltak som kan gjennomførast med enkle midlar på kort sikt, men og tiltak som kan gjennomførast på lengre sikt.

Kommunen ser for seg studentgruppe med landskapsarkitektar/arkitektar, f. eks NMBU (Ås) eller BAS (Bergen arkitekthøgskule).

Målet er å gjennomføre eit slikt studentarbeid sommaren 2025.

Verbalpunkt Teknisk avdeling, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Teknisk avdeling har meldt inn store investeringsbehov for 2025. Spesielt er det meldt behov for maskiner og utstyr. For så store investeringer bør vi sjå på driftsopplegget i teknisk avdeling. Vi ber derfor om ei sak på korleis teknisk avdeling skal driftas, spesielt med tanke på kva tenester som kan setjast ut på anbod.

Verbalpunkt: Bustadområde Sæbø/Flåtene, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti  
Kommunen bør arbeida vidare med bustadområdet på Sæbø/Flåtene. Det er mogleg å bygge 15 bustader med dagens infrastruktur. Kommunen bør sjå på om det er mogleg å realisera heile eiendommen på Sæbø med dagens infrastruktur.

Fellesforslag Høyre og KrF, foreslått av Torunn Munthe, Høgre  
Drift:

Rullerende barnehage, tilbake til to opptak. 1mill i -25. 2 mill -26. til -28

Gratis barnehage fjernes (gebyr på 50 % ut i -25, 100 % fra -26) 750 000 i -25., 3mill i -26. til -28.

Sommerstengt barnehage i 3 uker. 1mill i -25. til -28

Legge ned Jøsenfjorden barnehage fra høst -25. 1 mill i -25, 2 mill i -26. til -28.

Ny stilling husassistent/aktivtør HOS -650 000.

Investering:

Selge boliger inntil 5 mill kvart år fra -25 til -28

Selge/avhende kommunale bygg den en finn løysinger sammen med bygderåd/alle parter

Husbank opp fra 5 mill til 10 mill

Lekeapparater ned til 500 000 i -25 pga strukturavklaring

På vent: Ladestasjon HOS på hold til avklaring på strukturen er gjort

På vent; Multimaskin, ny lift og gravemaskin. Verbalpunkt ang teknisk

På vent: Bjødnabuveien 7 mill Må ha en kartlegging av status før en investerer så mye på en vei.

Tas ut: Områdeplan Vågen – Hagebyen 750 tusen

Områdeplan sentrum 8 mill, forskyve 4 mill pr år til -26 og -27

Aktivitetspark Sande 500 000

Padelbane 350 tusen.

Verbalpunkt:

Dagens prosjektstilling avvikles. Nytt behov kartlegges og stilling avklares i egen sak.

Verbalpunkt kommunale vegar, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Det bør utarbeidast ein plan for oppgradering av kommunale vegar med prioriteringar, før ein set av eitt så stort beløp til ein konkret veg (Bjødnabu).

**Røysting:**

Tilleggsforslag Verbalpunkt: Studentarbeid Fister og Årdal, Egeland, SP: Samrøystes vedteke

Tilleggsforslag Verbalpunkt: Sæbø Flåtene, Halsne, KrF: Falt mot 6 stemmer (SP, AP)

Tilleggsforslag Verbalpunkt: Teknisk avdeling, Halsne, KrF: Samrøystes vedteke

Tilleggsforslag Verbalpunkt: Kommunale vegar, Halsne, KrF: Samrøystes vedteke

**Felles framlegg frå SP, AP og SV - Stemt over punktvis:**

- Verbalpunkt oppvekst - Samrøystes vedteke
- Verbalpunkt omsorg - Samrøystes vedteke
- Verbalpunkt lønsnivå - Samrøystes vedteke
- Verbalpunkt gravplassar - Samrøystes vedteke
- Verbalpunkt Inn på tunet - Samrøystes vedteke

Drift:

- Ikkje opprette ny fast stilling Samfunn og næring (prosjektstilling Bustadutvikling) – Vedtatt mot 3 stemmer (H, KrF)
- To hovudopptak barnehage - Samrøystes vedteke
- Avvikle kontorfellesskap - Samrøystes vedteke
- Sommarstengte barnehagar inntil tre veker, med ein open barnehage dersom behov – Vedtatt mot 3 stemmer (H, KrF)
- Starte prosess med å vurdere å gå frå iPad til Chromebook i Hjelmelandsskolen - Samrøystes vedteke
- Auke tilskotsordning til leikeplassar frå 100' til 200' (finansierast via reduksjon av frivilligmillionen) - Samrøystes vedteke

#### Investering:

- Rehabilitering kommunestyresal reduksjon til 500.000 - Samrøystes vedteke
- Nye golv kommunebygg 540.000 (tatt ut ÅOS/HOS) - Samrøystes vedteke
- Ladestasjonar HOS 1.300.000 (utsette mtp struktur) - Samrøystes vedteke
- Områdeplan Hj. Sentrum, realisering, 0 (utsett til -26 og -27) - Samrøystes vedteke
- Områdeplan Hj. Sentrum, planlegging, 0 (utsett til -26) - Samrøystes vedteke
- Kvilerom for ansatte Bøen, ÅOS, 0 (utsette mtp struktur) - Samrøystes vedteke
- Auke låneramme Startlån, -5.000.000 - Samrøystes vedteke
- Innkjøp maskiner Teknisk utsatt i påvente av gjennomgang avdelingen. - Samrøystes vedteke

#### Felles framlegg frå H og KrF - Stemt over punktvis:

- Verbalpunkt: Dagens prosjektstilling avvikles. Nytt behov kartlegges og stilling avklares i egen sak. - Falt mot 6 stemmer (SP, AP)

#### Drift:

- Rullerende barnehage, tilbake til to opptak. 1 mill i -25. 2 mill -26. til -28 - Røysta over tidlegare
- Gratis barnehage fjernes (gebyr på 50 % ut i -25, 100 % fra -26) 750 000 i -25., 3 mill i -26. til -28. – Falt mot 6 stemmer (AP, SP)
- Sommerstengt barnehage i 3 uker. 1 mill i -25. til -28 – Falt mot 6 stemmer (SP, AP)
- Legge ned Jøsenfjorden barnehage fra høst -25. 1 mill i -25, 2 mill i -26. til -28. - Falt mot 6 stemmer (SP, AP)
- Ny stilling husassistent/aktivtør HOS -650 000. - Falt mot 6 stemmer (SP, AP)

#### Investering:

- 
- Selge boliger inntil 5 mill kvart år fra -25 til -28 – Falt mot 6 stemmer (SP, AP)
- Selge/avhende kommunale bygg den en finn løysinger sammen med bygderåd/alle parter - Falt mot 6 stemmer (SP, AP)
- Husbank opp fra 5 mill til 10 mill - Røysta over tidlegare
- Lekeapparater ned til 500 tusen i -25 pga strukturavklaring – Samrøystes vedteke
- På vent: Ladestasjon HOS på hold til avklaring på strukturen er gjort - Røysta over tidlegare
- På vent; Multimaskin, ny lift og gravemaskin. Verbalpunkt ang teknisk
- På vent: Bjødnabuveien 7000 tusen. Må ha en kartlegging av status før en investerer så mye på en vei. - Samrøystes vedteke
- Tas ut: Områdeplan Vågen – Hagebyen 750 000 - Røysta over tidlegare
- Områdeplan sentrum 8 mill, forskyve 4 mill pr år til -26 og -27 - Røysta over tidlegare
- Aktivitetspark Sande: Falt mot 6 stemmer (SP, AP)

Framlegg frå kommunedirektøren, med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

### **FSK - vedtak:**

Budsjettforslag frå kommunedirektøren vart vedteke med følgjande endringar:

#### **Verbalpunkt: Årdal og Fister sentrum**

Hjelmeland kommune inviterer til eit studentarbeid for Årdal og Fister sentrum. Arbeidet skal gi innspel, idear og forslag til korleis uteområda i Årdal og Fister sentrum kan bli meir attraktivt og intimt for mjuke brukarar, innbyggjarar og tilreisande. Det skal leggjast vekt på uformelle møteplassar, grøntområde, sitte/oppholds- og aktivitetsområde, og at uteområda kan nytte lokale klimafortrinn og dempe lokale klimaulempar. Det skal leggjast til rette for heilårsbruk.

Studentarbeidet kan gi idear om kva tiltak som kan gjennomførast med enkle midlar på kort sikt, men og tiltak som kan gjennomførast på lengre sikt.

Kommunen ser for seg studentgruppe med landskapsarkitektar/arkitektar, f. eks NMBU (Ås) eller BAS (Bergen arkitekthøgskule).

Målet er å gjennomføre eit slikt studentarbeid sommaren 2025.

#### **Verbalpunkt: Teknisk avdeling**

Teknisk avdeling har meldt inn store investeringsbehov for 2025. Spesielt er det meldt behov for maskiner og utstyr. For så store investeringar bør vi sjå på driftsopplegget i teknisk avdeling. Vi ber derfor om ei sak på korleis teknisk avdeling skal driftast, spesielt med tanke på kva tenester som kan setjast ut på anbod.

#### **Verbalpunkt: Kommunale vegar**

Det bør utarbeidast ein plan for oppgradering av kommunale vegar med prioriteringar, før ein set av eitt så stort beløp til ein konkret veg.

#### **Verbalpunkt oppvekst**

Administrasjonen set i verk prosessar med å gjennomgå oppvekststrukturen i Hjelmeland kommune, og utredar følgjande:

- - Kva struktur skal vi ha innan oppvekst i framtida
- - For kvart alternativ skal eventuell etterbruk av bygga vurderast

Fordelar og ulemper knytt opp mot følgjande punkt skal vurderast:

- - Lokalsamfunnsutvikling/buatraktivitet
- - Det sosiale miljøet på skulane
- - Rekruttering
- - Fagleg kvalitet
- - Økonomi (innsparingar og investeringsbehov)
- - Reiseveg buss og behov for ekstra transport avhengig av plassering SFO
- - Organisering av SFO

#### **Verbalpunkt omsorg**

Administrasjonen set i verk prosessar med å vurdere samanslåing til ein heildøgns institusjon i kommunen, og utredar følgjande:

- - Skal kommunen i framtida ha ein eller to heildøgns institusjonar

- - Kva omsorgstenester skal høyre inn under eit nytt omsorgssenter (ulike pasient- og aldersgrupper)
- - Etterbruk av bygga
- - Fagleg kvalitet
- - Fordelar og ulemper knytt opp mot fylgjande punkt skal vurderast:
  - - Rekruttering helsepersonell
  - - Avstand til øvrig tenestetilbod
  - - Økonomi (innsparingar og investeringsbehov)
  - - Uteareal

### **Verbalpunkt lønsnivå**

Det er viktig at Hjelmeland kommune kan vise til lønsvilkår som ikkje negativt skiljer seg ut i høve til nabokommunar. Løn til pedagogiske leiarar i Hjelmelandsbarnehagen må difor setjast til eit nivå som er konkorransedyktig med kommunar i same bu- og arbeidsmarknad.

### **Verbalpunkt gravplassar**

Me ber om ei sak frå kommunedirektøren om å leggja til rette for minnelund på Hjelmeland gravplass, samt verkemiddel for å auka andelen urnegravferder i kommunen.

### **Verbalpunkt kommunale bustadar**

Hjelmeland kommune har forholdsvis mange kommunale bustadar. Kva som er rett antal og plassering bør vere ei av vurderingane i Bustadpolitisk plan, og danne grunnlag for ein handlingsplan for avhending av bustadar, og eventuelle føringar for vidare bruk av desse.

### **Verbalpunkt Inn på tunet**

Hjelmeland har nyleg inngått avtale om oppstart av inn på tunet på eit gardsbruk. Denne ordninga er statleg finansiert til og med første halvår 2025. Kommunestyret ynskjer å gjere ordninga permanent og ber om ei sak før 1. tertial med kostnadsoverslag ut året.

### **Drift:**

- Ikkje opprette ny fast stilling Samfunn og næring (prosjektstilling Bustadutvikling)
- To hovudopptak barnehage
- Avvikle kontorfellesskap
- Sommarstengte barnehagar inntil tre veker, med ein open barnehage dersom behov
- Starte prosess med å vurdere å gå frå ipad til chromebook i Hjelmelandsskulen
- Auke tilskotsordning til leikeplassar frå 100' til 200' (finansierast via reduksjon av frivilligmillionen)

### **Investering:**

- Rehabilitering kommunestyresal reduksjon til 500.000
- Nye golv kommunebygg 540.000 (tatt ut ÅOS/HOS)
- Ladestasjonar HOS 1.300.000 (utsette mtp struktur)
- Områdeplan Hj. Sentrum, realisering 0 (utsett til -26 og -27)
- Områdeplan Hj. Sentrum, planlegging 0 (utsett til -26)
- Hvilerom for ansatte Bøen, ÅOS 0 (utsette mtp struktur)
- Auke låneramme Startlån -5.000.000
- Innkjøp maskinar Teknisk utsatt i påvente av gjennomgang avdelinga
- Leikeapparat ned til 500 tusen i -25 pga strukturavklaring
- På vent: Bjødnabuveien 7 mill. Må ha ei kartlegging av status før ein investerer så mykje på ein veg. (Sjå verbalpunkt)



## **Samandrag**

Kommunedirektørens utkast